

Helseplattformen Status veke 19

Infoskriv til tilsette i Vanylven kommune



Innhald

- 01 Overordna status
- 02 Erfaringar så langt: Julie Strand
- 03 Plan vidare
- 04 Informasjon til innbyggjarar



Overordna status

Vi er inne i andre veke med full drift av Helseplattformen i Vanylven kommune. Så langt er den overordna statusen for Helseplattformen i drift god.

Vi er fortsatt inne i kommandosenterperioda, som er ei periode med meir ressursar tilgjengeleg for handtering av innrapporteringar. Det er komen inn nokre innrapporteringar om feil, og desse arbeidast det med å løyse fortløpande.

Systemet fungerer godt og tilbakemeldingane frå brukarar er gode.





Eg høyrer ofte: “Då lærte vi noko nytt i dag også”

**Navn:**

Julie Strand

Stilling:

Sjukepleiar i heimebasert omsorg

Rolle i innføring av HP:


Instruktør

Eg jobbar til vanleg som sjukepleiar i heimebasert omsorg. Arbeidskvardagen min er variert og eg jobbar i lag med ein dyktig gjeng som ønsker det beste for pasienten. Vi ser kor viktig samhandling med andre instansar er, då vi gjerne er den som er nærast pasienten i det daglege. Sidan eg begynte som sjukepleiar for 5 år sidan har eg brukt mykje tid på å ringe rundt og leite etter informasjon. Allereie etter berre to små veker med Helseplattformen kan eg seie at eg har spart tid på detektivarbeid. Eg ser det som utelukkande positivt at vi no samhandlar med andre helseinstansar i same journalsystem.

Sidan januar har eg jobba med systemet og undervist meir enn 100 tilsette i heimebasert omsorg og bu og avlastning. Eg har brukt mykje tid i systemet og dette har gjort at eg har blitt trygg på å trykke og leite fram og legge inn informasjon. Eg har inntrykk av at det har vore litt frustrasjon blant dei tilsette etter go-live fordi dei føler at dei ikkje kan nok om korleis dei skal bruke Helseplattformen. Rolla mi inneber å hjelpe og trygge dei tilsette på at vi treng tid, og at vi må ta ein ting om gongen. Ein må forvente litt startvanskar, men at ein stadig lærer nye og nyttige funksjonar som vil gjere arbeidskvardagen vår enklare i framtida. Til tross for litt frustrasjon så høyrer eg ofte «då lærte vi noko nytt i dag også!». Eg har trua på systemet og tanken bak, og skal gjere mitt for at mine kollegaer skal ha dei beste føresetnadene for å bli gode på Helseplattformen.



Overordna plan for innføring




Go Live




Oversikt fristar



Antall fristar per veke



Antall fristar per måned





Arbeidspakkar med frist i mai

Delaktiviteter	March		April				May				June	
	24	31	07	14	21	28	05	12	19	26	02	
Produksjonsverifisering Emeldinger												
Gjennomføring av manuell konvertering												
Program for pasientsikker arbeidsflyt												

Arbeidspakkar med frist i juni og juli

Delaktiviteter	AP	April		May				June				July		
		21	28	05	12	19	26	02	09	16	23	30	07	14
Samstemming av journalinformasjon	50													
Planlegge endring - Gevinst	95													

Informasjon til innbyggjarar om HelsaMi

Denne veka blir det publisert ein påminnar til innbyggjarane i kommunen angående at dei kan ta i bruk appen HelsaMi. Denne vert publisert på kommunens nettside.

Som tilsett i Helse og omsorg oppmodar vi til at de informerar innbyggjarar om HelsaMi når dykk møter dei som pasientar. Dette kan for eksempel gjerast gjennom å spørre om dei har teken i bruk HelsaMi.

Dersom det kjem spørsmål frå innbyggjarar som dykk som tilsette ikkje kan svare på angående HelsaMi kan dykk henvise til helseplattformen.no og deira sider om HelsaMi.

